



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Regional planstrategi 2016 - 2020

for Sogn og Fjordane

Vedteke i sak 23/16 i Fylkestinget 14.06.16



1. Regional planstrategi (RPS) – kva og korleis

Planstrategien skal svare til lovkrava om å konkretisere kva for plantype og kva strategiar fylket skal prioritere å jobbe med i 4-årsperioden.

Plan- og bygningslova § 7-1, 1. og 2. ledd og § 7-2, 3. ledd: «Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner som blir berørt av planarbeidet. Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom videre regional planlegging»

«Statlige og regionale organer og kommunene skal legge den regionale planstrategien til grunn for det videre planarbeidet i regionen.»

Planstrategien skal dekke eit regionalt behov for å finne ut kva som kan føre fylket i ynskt retning. Strategien skal etablere eit felles utfordrings- og målbilete for fylket og setje retning for bruk av verkemiddel og ressursar. For fylkeskommunen er planstrategien ein del av den rullerande 4 års planlegging som vert koplå til økonomi- og verksemdsplanlegginga.

Planstrategi som verkty i regional utvikling

Sogn og Fjordane laga sin siste heildekkande fylkesplan tidleg på 2000-talet. Planen skulle vere gjeldande frå 2004 - 2008, med eit langsiktig perspektiv på 10 - 20 år. Planperioden vart lenga til 2010.

I arbeidet med Regional planstrategi for 2012 - 2016 var intensjonen at den skulle vere eit heilskapleg verkty for utviklinga i fylket. Målet i gjeldande planstrategi er auke i folketalet i perioden fram til 2016 til 112 000. I samsvar med strategien er følgjande regionale planar laga i perioden:

- Regional transportplan
- Regional plan for verdiskaping
- Regional plan for folkehelse
- Skulebruksplanen, utforma som ein fylkeskommunal strategi
- Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2016 (revidert).

Per 01.01.2016 er folketalet 109.530 og målet i gjeldande planstrategi er ikkje nådd. Difor er det viktig at vi ser på korleis vi på ny kan gripe utfordringane, skape utvikling og utforme realistiske mål i neste strategiperiode.

Planstrategien skal ikkje fange opp alle problemstillingane det er viktig å jobbe med i fylket, men gjere val ut frå ei heilskapleg vurdering. Skal planstrategien være eit felles strategisk dokument for dei ulike aktørane til å utvikle fylket, må vi:

- Gjennomføre ein prosess i arbeidet slik at det vert ein arena for dialog og samhandling
 - > Få til ein dialog mellom dei regionale og statlege aktørane, og med kommunane, organisasjonar, institusjonar, ungdom, eldre, innvandrarakar m.fl.
- Gje retning for utviklinga i fylket gjennom i eit framtidsbilete mange kan kjenne seg igjen i
- Avdekke og gjere greie for dei viktige utfordringane nett no - lese tidsånda, og konkretisere desse slik at dei gjev tydeleg rammer for vidare strategiar
- Gjere tydelege prioriteringar av kva vi treng av regionalt plan- og utviklingsarbeid for å møte utfordringane og nå måla for fylket
- Utvikle tydelege strategiar for aktørane i vidare arbeid med regionale planar.

RPS vil difor bli løfta fram som eit felles overordna styringsverkty for aktørane i fylket i planperioden, med forventning om at dette gjev seg utslag i dei interne strategiane og planane hjå den einskilde aktør.

Korleis vi svarar på dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging gjennom arbeidet med regional planstrategi, går fram av eige vedlegg. Dei tre tema i nasjonale forventingar er med i vurderingane av utfordringar, med på å utforme målbilete for framtida og er med i vurderinga av nye strategiar og planar i planstrategien.

Kva er ein regional planstrategi (RPS)?

RPS skal fremje heilskapleg regional utvikling og gjere planlegginga meir forpliktande og målretta

RPS er ein arena for dialog og samhandling

RPS skal evaluere gjeldande regionale planar for å følgje opp arbeidet på strategisk viktige område

RPS skal fastsette kva regionale planar og/ eller interkommunalt plansamarbeid som skal gjennomførast i planperioden

RPS skal vurdere korleis fylket kan følgje opp nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

2. utfordringar og strategiar

I sak til planutvalet 4. november 2015, vart einige om i desse overordna utfordringane :

- Globalisering - urbanisering, av både kapital og menneskjer
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Folketalsutviklinga, migrasjon og kvinnene si rolle i samfunnsutviklinga
- Klimautfordringane

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har konsentrert seg om desse tema, men overskriftene er endra og eit kapittel er delt i to for å få ein god struktur og samanheng i dokumentet. utfordringane er undersøkt gjennom å hente inn eit skjønnsbasert utval av kunnskap frå fylket og for resten av landet. Dette kapitlet summerer desse utfordringane og peikar vidare på korleis fylket må jobbe strategisk med desse (vedlegg: *Utfordringsdokument og kunnskapsgrunnlag*).

Den nye inndelinga ser slik ut:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Som innleiing legg vi fram grunnleggjande informasjon om demografi og levekår.

2.1 Demografi og levekår

Sogn og Fjordane fylke har i dag 109 530¹ innbyggjarar, fordelt på 26 kommunar. Kommunane varierer i storleik frå den minste med 800 innbyggjarar til den største med 12 800 innbyggjarar. 5 av kommunane har mindre enn 2000 innbyggjarar. Kjønnfordelinga syner at vi har 53639 kvinner og 55521 menn i fylket.

Demografi seier noko om samansetjinga av befolkninga. Vi delar gjerne demografi opp i kjønn, alder og etnisk opphav. Demografiske endringar er eit viktig utgangspunkt for å kunne seie noko om dei utfordringane Sogn og Fjordane står overfor i åra som kjem, innafor dei fleste områda i samfunnet.

Fylket har ei folketalsutvikling som er svakare enn resten av landet. Samtidig har vi sidan 2007 hatt ei historisk høg folketalsvekst, målt i høve eiga utvikling. Eit anna viktig trekk er at vi får fleire og fleire eldre i samfunnet. Dette vert store utfordringar for fylket av di rammevilkåra frå staten er styrt ut frå folketalsauke, noko som gjev svekka økonomien til fylkeskommunen og kommunane.

Samstundes vil befolkningssamansetjinga i framtida vil krevje større ressursar og mykje kompetanse innan helse og omsorg. Migrasjon og innvandring er ei ekstra utfordring vi må ha med i dette biletet. Det er viktig å peike på at både «eldrebølgja» og «innvandringsbølgja» også representerer store positive menneskeleg ressursar i utviklinga av fylket framover.

Fylket har i mange år hatt ei systematisk underskot av kvinner, men balansen har betra seg noko dei siste åra. Dei siste tala syner at det er omlag 2000 færre kvinner enn menn. Det er og eit faktum at mange ungdommar og unge vaksne dreg ut for å ta utdanning og arbeid, og dei færreste av dei kjem attende. Ut frå dette vil det vere naudsynt å drøfte korleis arbeidsinnvandrarar og andre innvandrarar kan verte buande i fylket.

Det er forventa ein svak samla folketalsauke for fylket. Prognosen seier at Sogn og Fjordane vil ha ein vekst fram mot 2040 på omlag 8,4 prosent. Saman med Nordland og Finnmark, er vi då eit av dei tre fylka med lågast befolkningsvekst. Dette står i sterk kontrast til ein forventa vekst i t.d. Oslo og Akershus på over 22 prosent i perioden.

Framskrivningane viser at det er store variasjonar mellom kommunane. Det ser ut til at dei kommunane med lengst veg til eit regionsenter får den svakaste folketalsutviklinga. Dette samsvarar med utviklinga vi har sett i mange år.

Levekåra i fylket er framleis betre enn for landsgjennomsnittet, men for nokre indikatorar er skilnaden mindre no enn før. Dette gjeld i særleg grad born og ungdom. Vi har likevel ikkje store skilnader i inntekt og prosentdelen born som lever i familiar med låg inntekt er liten. All forskning syner at låg formell utdanning og fråfall frå vidaregåande skule gjev helse- og levekårsproblem seinare i livet, og levekåra heng også nær i hop med tilknytning til arbeidsmarknaden.

2.2 Globalisering og sentralisering

Hovudfunn i kunnskapsgrunnlaget

Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den enkelte kommune. Paradoksalt nok kan det sjå ut til at sentralisering lokalt er det beste middelet mot sentralisering nasjonalt. Regionsforstørring er ein måte å byggje sterkare senter lokalt i Sogn og Fjordane, som kan demme opp for noko av utflyttinga og skape større attraktivitet for tilflytting.



På bakgrunn av arbeidet med Nasjonal transportplan veit vi at Sogn og Fjordane er eit av fylka med størst potensiale for regionforstørring. Det er nokre terskelverdiar² for kor langt folk er villige til å pendle og kva regionstorleik som må til for å skape ein sjølvgenerert vekst. Frå arbeidet med Regional transportplan veit vi at terskelen for pendling ligg på omlag 45 min i dette fylket. Når det gjeld regionstorleik i høve til sjølvgenererande vekst, tyder forskning på at denne ligg mellom 8-10 000 arbeidsplassar. Områda kring Sogndal og Førde ligg i dag nærast desse tersklane.

Bilen er og vil bli det viktigaste transportmiddelet i fylket, men kollektivtransporten er eit viktig supplement i naturlege pendlingsområde og mellom desse.

Utviklingsarbeid er ofte ein-sidig fokusert på tilflytting, mens ein har lite kunnskap om dei som kjem hit og kva som skal til for at dei skal bli verande. Om fylket klarar å bremse vidareflyttinga noko, vil det skape større folkevekst.

Strategiar framover

Fylket må få til ei styrking av dei bustad-, arbeids-, og serviceregionar (BAS regionar³) som har nok arbeidsplassar og tenester innafor den avstanden folk er villige til å pendle, til for å demme opp for den nasjonale sentraliseringa.

I «mellomlandet» mellom sentrum og periferi, har vi ein del mellomstore kommunar som ikkje ligg tett på eit av dei større regionsenter, men er eit mindre regionsenter sjølv. I

desse områda må det gjerast strategiske val i forhold til om det skal satsast på å bygge eit større regionsenter, knyte seg nærmare til eksisterande regionsenter eller leite etter andre strategiar for å sikre attraktivitet.

Når ressursane vert retta inn mot styrking av BAS regionar, må det samtidig skapast rammer for utvikling i mindre sentrale område, som opnar for at lokale eldsjeler/miljø kan skape si eiga utvikling/framtid.

2.3 Migrasjon og inkludering

Hovudfunn i kunnskapsgrunnet

I 2000 var andelen innvandrarak i fylket svært låg, men i dag er 1 av 10 av innbyggjarane innvandrarak. Dette tyder på at fylket har gått i frå å vere relativt homogent til eit fleirkulturelt samfunn med eit stort mangfald.

I følge Statistisk sentralbyrå flyttar flyktningane oftare frå den kommunen dei fyrst vert busett i til meir sentrale kommunar med andre innvandrarak med same bakgrunn. Flyktningar vert, i større grad enn andre innvandrarak, buande i Norge.

Arbeidsinnvandrarak og nordiske innvandrarak skil seg noko ut, ved at dei ofte flyttar frå sentrale strok til mindre sentrale kommunar.

Det er stor skilnad i kor mange innvandrar det er i dei einskilde kommunane. Kommunane Askvoll, Hornindal og Naustdal er dei kommunane med lågast del innvandrarar med mellom 5-6 prosent, medan kommunane Stryn, Bremanger, Fjaler, Balestrand, Hyllestad og Flora alle har mellom 10 og 15 prosent innvandrarar

I følgje tal i frå NAV er det ei stor arbeidsløyse blant innvandrarar i fylket. Tala syner at arbeidsløysa er seks gonger større enn blant etniske nordmenn. NAV kan heller ikkje sjå nokre positive utviklingstrekk framover på dette området. Informasjon både frå NAV og IMDI⁴ syner at fylket skorar lågare både i høve til norskopplæring og med busetting av flykningar, enn andre fylke. Forsking syner at ein nøkkelfaktor for ei vellukka integrering er å kunne snakke norsk. Språket er inngangsbilletten og deretter kjem arbeid, bustad og trivsel/fritid inn som dei viktige faktorane for vellukka inkludering.

Strategiar framover

Eit stadig meir fleirkulturelt Sogn og Fjordane krev at vi lykkast med inkludering på alle nivå i samfunnet. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane.

I dette arbeidet er god språkopplæring avgjerande viktig. For flyktningane handlar det også om å bli inkludert i arbeidslivet. Felles for både arbeidsinnvandrane og flyktningane er at dei treng eit høveleg bustadtilbod og må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur.

Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar vil vere viktige bidrag i dette arbeidet. Dette gjeld også generelt for alle tilflyttarar til fylket.

Fylkeskommunen sin rolle vil vere å medverke til eit godt samspel mellom dei aktørane som har mogelegheit til å påverke inkluderingsarbeidet i positiv retning og gjennomføre konkrete tiltak.

2.4 Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad

Hovudfunn i kunnskapsgrunnlaget

Sentraliseringa på 1980-talet og «Kvinneflukta frå distrikta» medførte at fødselstala minka mykje. Folketalsprognosen som ligg til grunn for dei analysane som er gjorde syner eit stabilt underskot av kvinner i høve til menn her i fylket. Utdanningsekspljosjonen dei siste 30-40 åra og sentralisering vert peikt på som årsakar til dette, der kvinner i større grad enn menn utdanna seg. Tal i dag syner ei fordeling på 65/35% til fordel for kvinner i høgare utdanning. Mange flytter på seg for å ta utdanning og dei buset seg i byar der mogelighetene er større for jobb, karriere og fagleg utvikling.

I følgje sosiolog Kåre Heggen gjer bygdejentene som innvandrarentene, dei gjer meir skulearbeid og dei skaffar seg høgare utdanning enn byjentene og bygdegutane. Samstundes gjer denne prosessen at dei i større grad endrar haldningar og perspektiv på livet, slik at avstanden til bygda veks.

Ser ein på andelen kvinner med høgare utdanning, er andelen i fylket lågare enn i resten av landet. Årsaka til dette kan skyldast det faktum at næringsstrukturen i liten grad har klart å absorbere den store auken i kvinner med høgare utdanning og at vi har mangel på mangfald i arbeidsplassar.

Unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn, hovudsakeleg for å ta høgare utdanning. Ein ser også at kjønnsbalansen i aldersgruppa 25 til 45 er skeiv i dei fleste kommunane. Fylket kan betre attraktiviteten for kvinner både innan arbeidsliv og utdanning.

Strategiar framover

Sogn og Fjordane må generelt betre sin attraktivitet for alle, både innan arbeidsliv og utdanning. Dette handlar om å skape eit større mangfald av arbeidsplassar. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke fylket sin attraktivitet for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.

Kvinner er underrepresentert i viktige funksjoner i samfunnet, og då spesielt i næringslivet. I tillegg har unge jenter har et negativt bilde av heimstaden. Kun 1 av 10 unge jenter ser for seg ei framtid i en distriktskommune, og det er et alvorlig varsku. Det må undersøkjast kva mekanismar som fører til dette og setjast i verk tiltak for endring.

2.5 Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet

Hovudfunn i kunnskapsgrunnlaget

Arbeidsplassutviklinga er, saman med folketalsutviklinga, dei mest sentrale størrelsane som vi må omtale og analysere for å forstå den regionale utviklinga. Frå 2000 til 2014 auka talet på arbeidsplassar i Norge med 17,2 prosent. Sogn og Fjordane har i same periode hatt ein vekst på 3,7 prosent. Førde og Flora er desidert størst av kommunane i Sogn og Fjordane når det gjeld tal arbeidsplassar i næringslivet. Førde har hatt ein vekst på 4,5 prosent og Flora 1,6 prosent.

I ein undersøking om innovasjonsklima er Sogn og Fjordane rangert som nummer to av fylka i Norge, og gjorde det dermed betre for innovasjonsklima enn for



innovasjonsfrekvens. Det viser at fylket ikkje har spesielt høg andel av bedrifter i bransjar med mykje innovasjon, men at dei har ein høg andel innovasjon i forhold til sin storleik og bransje.

Tradisjonelle næringer som effektiviserer er dominerande i fylket og ein har skapt for få arbeidsplassar knytt til dei ekspansive tenesteytande og kreative næringane. Dette er arbeidsplassar som er attraktive for godt utdanna ungdom.

Strategiar framover

Gjeldande regional plan for verdiskaping er eit sentralt verktøy i arbeidet framover.

Lokalt eigarskap må styrkast og ringverknadane frå dei sterke primær- og sekundærnæringane i fylket må nyttast meir systematisk for å skape grunnlag for dei ekspansive tenesteytande og kreative næringane.

Bedriftsleiarar, offentleg forvaltning og forskings- og utdanningsmiljøet må verte meir synlege for kvarandre. Partnerskapsavtalane fylket har med mellom anna Høgskulen i Sogn og Fjordane, må nyttast betre for å etablere gode samhandlingsarenaer der bedriftseigarar, offentleg forvaltning og forskings- og utdanningsmiljøet kan møtast og saman vidareutvikle næringslivet.

2.6 Klimautfordringar

Hovudfunn i kunnskapsgrunnlaget

Vi er inne i ei tid der menneskeleg aktivitet påverkar biosfæren i større grad enn nokon gong tidlegare. Mellom anna bidreg menneskeskapte utslepp av klimagassar til global oppvarming og klimaendringar over heile verda. Presset på planeten sine tolegrensar er likevel ikkje berre eit spørsmål om utslepp av CO₂ og andre klimagassar. Utfordringar knytt til klima må mellom anna sjåast i samheng med utrydding av artar og tap av biologisk mangfald, endringar i dei biokjemiske livsløpa på jorda og endringar i arealbruk som følgje av urbanisering og menneskeleg aktivitet. Utfordringane for fylket er i hovudsak knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit

endra klima. Å arbeide med klimatilpassing i planlegging og vedlikehald er viktig for å vere budd på klimaendringane.

FN sitt klimapanel slår fast at vi må unngå ein global temperaturauke på meir enn 2°C. For å klare dette må dei globale utsleppa av klimagassar vera lik «netto null» innan 2100. Klimaendringane er uansett både eit miljøproblem og eit samfunnsproblem, der vi er sårbare for endringane i klimaet. Vi opplever press på samfunnsøkonomi og offentleg infrastruktur, politiske konflikhtar og auka migrasjon. På individnivå ser ein at klimaendringane får negative konsekvensar for matproduksjon, helse, tryggleik og arbeidet for fattigdomsreduksjon.⁵

Målet er å nå FN-sitt klimamål som er fastsett i Paris-avtalen som forpliktar partane til å redusere sine utslepp av klimagassar og rapportere jamleg på framdrifta. Den globale temperaturauken skal framleis haldast under 2°C, men avtalepartane har no sett seg mål om å stabilisere den på 1,5°C. Handlingsprogrammet for klima og miljø i fylket følgjer opp og har konkrete tiltak og legg til rette for omstilling for å tilpasse seg endringane i klima.

Strategiar framover

Fylket må arbeide med korleis vi kan få til ei omstilling til fossilfri økonomi på lang sikt og kva tiltak som kan verke på kort sikt. For å redusere sårbarheita for eit endra klima er det viktig å vurdere korleis ein kan få ei berekraftig senterstrukturplanlegging, både regionalt og lokalt. Det må setjast i verk tiltak for å redusere utslepp frå transportsektoren. Klimatilpassing må inkluderast i planarbeid og vedlikehald, for å redusere eller eliminere negative konsekvensar og kostnader ved m.a. heva havnivå, ekstremvær, ras og flaum.

I fylket kan bl.a. kulturbaserte næringer og samfunnsentreprenørar bli utfordra på korleis dei kan bidra til klimaomstillinga. Alle desse områda krev eit breitt engasjement av både offentlege og private aktørar i fylket. Fylkeskommunen sjølv skal gjennomføre tiltak for å redusere utslepp og må også vurdere korleis fylkeskommunen kan utforme si miljøeiing. Vi må saman definere kva som skal til for å få til ei klimaomstilling i fylket.

3. Det er dit vi skal - målbilete for Sogn og Fjordane

I arbeidet med planstrategi har vi hatt breie diskusjonar kring måla for fylket. Politikktutforminga ligg då i å formulere målbare mål og effektar som ein ynskjer å oppnå. Det er heile tida ein veksilverknad mellom utfordringane, behova og mål og effektane av å nå måla. Ikkje alle effektar er målbare og treng heller ikkje vere det.

Målgruppa på overordna nivå er alle innbyggerane i fylket, offentlege etatar og institusjonar, lag og organisasjonar og næringslivet. At flest mogleg oppfattar dei same utfordringane og jobbar i same retning med å løyse dei, gjev størst potensiale for endring og positiv utvikling.

Overordna mål - målbilete

- 1 Skape 500 nye arbeidsplassar kvart år, der det satsast på å nytte lokale ressursar, vere pådrivar i det grønne skiftet, skape mangfald i arbeidsplassar og samspel mellom kunnskapsmiljø, offentlig sektor og næringsliv.
- 2 Det er etablert eit forpliktande samarbeid mellom regionale og lokale aktørar for å utvikle sentra i dei største kommunane, med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv-, gang- og sykkelløysingar og gode arbeidsplassar med eit næringsliv i vekst.
- 3 Utviklinga av sentra er knytt til gode kommunikasjonar i bu- og arbeidsmarknadsregionar.
- 4 Strategiar for å utjamne avstandsulempar, rammer for utvikling for å skape attraktivitet i mindre sentrale strøk og strategiar for å utvikle sentra skjer samstundes.
- 5 Fylket skal tilby utdanningar med kvalitet over landssnittet, både ut frå samfunnet sitt behov og vere leiande i utdanning og skuleresultat.
- 6 Fylket skal vere eit ope og inkluderande samfunn og alle kommunane har tydelege strategiar for å inkludere innvandrarak/ tilflyttarak.
- 7 Folkehelse skal vere med som ein grunnleggande del i samfunnsplanlegginga og levekåra i fylket er betra.
- 8 Fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/ båttransport og innkjøp.
- 9 Fylket følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015).

Ynskte effektar

- 1
 - Fylket har ei årleg netto auke i arbeidsplassar på over 100.
 - Folketalet i fylket har auka med 1 % i året.
 - Sogn og Fjordane har store naturressursar og kulturverdiar og vi nyttar desse som drivkraft i samfunnsutviklinga.
- 2-4 Fylket har nådd måla ovanfor fordi vi har satsa på ein 3-delt strategi med effektane:
 - Har vidareutvikla 3 sjølvforsterkande bu og arbeidsområder i fylket: Sunnfjord, Sogndalsområdet og Nordfjord
 - Har vidareutvikla attraktive regionsentra og kommunesentra som har ein styrka bu- og arbeidsmarknad rundt seg
 - Har gitt rom for lokale eldsjeler/-miljø som får høve til å skape si framtid og arbeide for utvikling i mindre sentrale strøk
- 5-7
 - Fylket har etablert heilskap i plan- og strategiarbeid gjennom mobilisering og forplikting i partnerskapsavtaler.
 - Fylket har tenester av ein kvalitet og har eit omdøme som gjer at innbyggerane i Sogn og Fjordane opplever det som eit attraktivt og godt fylke å bu og leve i, arbeide i og besøke.
 - Fylket har jamna ut sosial ulikskap og har innbyggerar med høg trivsel og opplevd livsmeistring, frå vogge til grav.
 - Fylket har kulturopplevingar som gjev eit rikare liv og bygger identiteten vår.
 - Fylket har redusert kvinneunderskottet
- 8-9
 - Fylket er eit føregangsfylke i det grønne skiftet og har tatt ein posisjon i å utnytte dei lokale og regionale verkemidla til å bygge verdikjeder for eit samfunn med netto nullutslepp.
 - Fylket har vorte eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av alle typar fornybar energi. Ved utbyggingar har held vi tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar på eit berekraftig nivå.



4. Prioriterte områder for regionalt plan og strategiarbeid

4.1 Oppfølging av prioriterte strategiområde

Globalisering og sentralisering

Strategiane på dette området handlar om styrking av naturlege regionsenter og avklaring og mogleg utvikling for mindre sentrale område i fylket.

Den mest openberre måten å møte dette på er gjennom ein regional strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling. Strategien vil svare på mange av dei statlege forventningane til å styrke byregionar og samspelet med omlandet. Arbeidet må koordinerast med nasjonal og regional transportplanlegging.

For å følgje opp tettstadsstrategiane og for å ha ei heilskapleg planlegging, treng fylket ein ny regional plan for arealbruk for heile fylket. Den vil og bidra til at vi kan fase ut eldre planar og bidra til ei proaktiv haldning til utviklinga i fylket.

Migrasjon og inkludering

Strategiane på dette området handlar om inkludering på alle nivå i samfunnet. Utdanning, arbeidsliv og fritid.

Det regionale planarbeidet si rolle vil vere å legge til rette for eit godt samspel mellom dei aktørane som har mogelegheit til å påverke inkluderingsarbeidet i positiv retning. Dette kan skje gjennom å utarbeide felles strategiar i ein konkret dialog mellom aktørane med ansvar innafor dei fire områda: arbeid, utdanning, bustad og fritid. Strategiane må vere så tydeleg at dei gjev retning for dei ulike tenesteområda og ansvaret aktørane har. Utfordringane vil også naturleg ingå som tema i ein regional plan for kultur der vi tek tak i spørsmåla kring attraktivitet og inkludering. I tillegg til dei offentlege aktørane, vil frivillig sektor ha ei nøkkelrolle i dette arbeidet.

Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad

Strategiane på dette området handlar om å auke fylket sin attraktivitet for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.

Vi må berre slå fast at vi manglar kunnskap om kva som skal til for å møte denne utfordringa. I tillegg til dei framlegga som ligg over om regionale planar er det behov får å gjennomføre ei analyse saman med næringslivet, for å undersøkje kva som skal til for å auke attraktiviteten og utforme konkrete tiltak som ulike samfunnsaktørar kan gjennomføre. Analysen vil vere viktig som tilførsel av kunnskap til arbeidet med inkludering og regionforstørring.

Verdiskaping og utvikling av kunnskapsamfunnet

Strategiane på dette området handlar om å nytte dei sterke industrimiljøa til å etablere meir ekspansive tenesteytande og kreative næringar. Tettare nettverk mellom det offentlege, næringslivet og utdanningsinstitusjonane er også sentralt.

Fylket har eit oppdatert planverk på dette område og prioriteringa framover vil vere oppfølging av gjeldande plan for verdiskaping og revisjon av denne. I tillegg kjem arbeidet med strategisk plan for kysten som og vil ta tak i viktige utfordringar for å få til auka verdiskaping innfor eit kunnskapssamfunn.

Klimautfordringar

Strategiane på dette området handlar om at ein må arbeide med korleis vi kan få til ei omstilling til fossilfri økonomi på lang sikt og kva tiltak som kan verke på kort sikt.

Fylket har ein regional plan med utdaterte mål og strategiar. Trass i dette har vi eit oppdatert handlingsprogram som gir viktige føringar for dei fyrste åra. Arbeidet bør difor bli konsentrert om å følgje opp gjeldande handlingsprogram for klima og miljø og sette i verk arbeidet med ein ny plan som er tilpassa utfordringane og måla i Paris-avtalen. Arbeidet må koordinerast med nasjonal og regional transportplanlegging. Klimatilpassing må inkluderast i

planarbeid og vedlikehald, for å redusere eller eliminere negative konsekvensar og kostnader ved m.a. heva havnivå, ekstremvær, ras og flaum.

Strategi for senterutvikling

For å fange opp behovet i kunnskapsgrunnlaget for regionforstørring, og behovet for ei utvikling av alle dei større tettstadane i fylket, må fylket utvikle tydelege strategiar for denne utviklinga. Strategiarbeidet skal sjå på potensialet og dei særlege fortrinna dei ulike sentra har, og peike på ulike strategiar og tiltak for å kunne løyse ut desse potensiala.

Heilskapleg planlegging i fylket

Fylket treng ein ny regional plan for arealbruk som møter behova for arealplanlegging mellom anna i kystsona (i hav og på land), utnytting av naturressursar (m.a. byggeråstoff og mineral), friluftsføremål og for samordna areal- og transportplanlegging i og omkring tettstadane

4.2 Prioriterte planarbeid i perioden 2016 til 2020


Nye planar

- Strategisk plan for kysten
- Regional plan for kultur
- Regional plan for arealbruk

Revidering/rullering av eksisterande planar

- Regional transportplan
- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Regional plan for vassforvaltning
- Regional plan for folkehelse

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Revidering/rullering					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Regional plan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					



5. Medverknad prosess og organisering av strategiarbeidet

For å sikre medverknad og samarbeid i planstrategien har vi hatt ein brei prosess for å følge lovkrava men og for å arbeide langsiktig med utviklingsarbeidet i fylket. Det er gjennomført møter med kommunar, regionråda, regionale stat og regionale aktørar/institusjonar, lag og organisasjonar og engasjert og politisk ungdom, både i formingsfasen av strategien og i høyringsperioden.

Møtepunktene er dels gjennomført som dialogmøter, nokre som arbeidsverkstader og noko har hatt meir form av presentasjonar med påfølgande drøftingar. Alle har fått høve til å påverke formulering og fastsetjing av kva som er hovudutfordringane for fylket og kva mål fylket bør ha ut frå utfordringane og mogelegheitene som vi har. Alle partane har drøfta kva framtid vi ser for oss, kva samfunnsutvikling og kva endringar i bl.a. levekåra vi meiner kjem, og kva vi kan gjere for å forme samfunnet saman. Oppsummering frå møta med alle partane tilseier at vi kan samla oss om hovudutfordringane, men at ulike partar vektlegg ulikt og oppfattar ulike utfordringar noko ulikt.

I fylkeskommunen har ei tverrfagleg arbeidsgruppe arbeidd med utforming av politiske dokument og politiske presentasjonar. Arbeidsgruppa og prosjektleiar har utforma kunnskapsgrunnlag og evaluering, gjennomført og summert opp møter med alle dialogpartane, teke initiativ til drøftingar i leiargruppa m.m. frå august 2015 og framover. Arbeidsgruppa har bestått av representantar for alle avdelingane. I tillegg er det jobba breitt i underliggende arbeidsgrupper, der det også er henta inn ekstern fagkompetanse, for å utforme kunnskapsgrunnlaget. Fylkesutvalet la hausten 2015 føringane for mål- og utfordringsbilde i planstrategien. Fylkesutvalet har også

drøfta kunnskapsgrunnlaget i ein presentasjon i januar 2016. Leiargruppa har heile vegen følgt arbeidet og sørga for at det tverrfaglege utviklingsarbeidet vert styrka. Fylkesutvalet gjorde vedtak om offentleg høyring 2. mars 2016 og planstrategien låg ute på høyring i over 6 veker, jamfør reglane i Plan- og bygningslova § 7-2. I den høyringa kom det 22 uttaler.

Innspele i høyringa har medført at prioriterte planarbeid i hovudsak er endra slik:

- behovet for heilskapleg arealplanlegging initierer ein ny regional plan for arealbruk. Ein slik plan vil fange opp og kunne balanse mange av innspela i høyringa. Arbeidet må avgrensast i høve eksisterande regionale planar.
- behovet for prioriteringar av tettstadsutvikling og senterstruktur spissast slik at det vert utarbeida ein regional strategi for dette. Ein strategi vil fange opp og kunne balansere innspela både frå Nordfjord, Førde, Flora og Sogndal.
- behovet for raskare klimatilpassing og klimaomstilling, og behovet for avklaringar som skal inn i andre regionale planar, har framskunda revisjon av regional plan for klima og miljø.

Brei medverknad har styrka grunnlaget for strategiane for fylket generelt og for fylkeskommunen spesielt. Høyringspartane har gjeve generelt gode og konkrete tilbakemeldingar på innhald i strategien og det er utvikla ei felles forståing for utfordringane i fylket framover. Den interne kompetansen på utviklingsarbeid er også viktig og det at vi har skapt eller vidareført sterke og gode arenaer for dialog mellom sentrale partar i samfunnsutviklinga.

6. Tilhøve til statlege, regionale og kommunale reformer

Det går føre seg mange store reformer; statlege reformer, regionreform og kommunereform. I dette kapitlet gjev vi ein kort status for arbeidet med kommune- og regionreform, som eit bakteppe for det regionale planarbeidet. Dei mange statlege reformene gjev og fylket og kommunane utfordringar og påverkar fylket på ulik måte. Dette er ikkje nærare omtalt i planstrategien.

6.1 Kommunereforma

Regjeringa har, med støtte frå fleirtalet på Stortinget, starta arbeidet med å gjennomføre ei kommunereform. Målet er større, meir robuste kommunar med større makt og mynde. Stortinget meiner dette er nødvendig for å møte dei utfordringane kommunane vil møte og dei auka forventningane innbyggjarane har til kommunane.

Alle kommunane i landet vart hausten 2014 invitert til å starte prosessar for å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Kommunane skal fatte vedtak om dette innan 1. juli 2016. Dei lokale prosessane skjer fram til nasjonale vedtak innan 01.01.18.

Korleis har arbeidet med RPS vore kopla til kommunereforma?

Arbeidet med RPS har ikkje vore direkte kopla til kommuneprosessen. Samtidig har vi gjennom prosess med regionråda og plannettverka, forankra arbeidet ved å få fram felles utfordringar for fylket, uavhengig av kommunestruktur og framtidige kommunegrenser.

Arbeidet med regional planstrategi er soleis litt uavhengig av kommunestrukturdebatten. Kommunane er klare på at dei har nytta mykje tid på kommunestrukturarbeidet, og at dei i mindre grad har hatt kapasitet til meir inngående involvering i RPS. I samband med kommuneprosessar er det gjennomført ein del utgreingar. Denne kunnskapen er i den grad den har vore relevant, trekt inn i det felles kunnskapsgrunnlaget som ligg i RPS.

Arbeidet med regional planstrategi mot kommunane har hatt meir fokus på å få ei forankring av felles utfordringar for fylket som eit grunnlag både for regional planstrategi og kommunale planstrategiar. Framdrifta i arbeidet har vore tilpassa kommunane slik at sjølv utgreiingsarbeidet og framlegg til RPS var klar før dei fleste kommunane handsama sine planstrategiar.

6.2 Regionreforma

Regjeringa la i «Stortingsmelding nr. 14 (2014-2015), Kommunereformen - nye oppgaver til større kommuner», fram forslag til prosess for ein regionreform, med vekt på utvikling av regionalt folkevald nivå i rolla som samfunnsutviklar. Forslaget kom etter at Stortinget vedtok å be regjeringa gå gjennom oppgåvene til fylkeskommunane/eit regionalt nivå parallelt med arbeidet med å gje fleire oppgåver til kommunane.

Kommunereforma vert forventa å gje færre og større kommunar. Det var difor naturleg at også det regionale nivået vart vurdert. Fleire fylkeskommunar har også gitt uttrykk for at dei ynskjer at rolla til fylkeskommunane og storleiken vert inkludert i den pågåande reformprosessen. Fleirtalet på Stortinget meiner at nye oppgåver til regionalt nivå er avhengig av at prosessen fører til færre fylkeskommunar/regionar av ein viss storleik. Det er ikkje konkretisert kva som ligg i dette.

Regjeringa skriv:

Regjeringen ønsker å utvikle det regionale folkevalgte nivået slik at forvaltningssystemet samlet sett fungerer best mulig for innbyggere og næringsliv. Regionene bør utgjøre naturlig sammenhengende områder. Regioner som kommunikasjonsmessig og nærings-økonomisk henger sammen, kan ivareta nåverende og fremtidige oppgaver og roller på en bedre måte. Dette vil også gi bedre forutsetninger for en helhetlig politikk-utvikling som ivaretar regionenes muligheter og bygger opp under vekstkraften.

Regjeringa la 05.04.16 fram Stortingsmelding 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar - rolle, struktur og oppgåver». Regjeringa føreslår å gjennomføre regionreforma med verknad frå 2020, samstundes med kommunereforma. Regjeringa ser det som eit utgangspunkt for reforma at Stortinget har vedteke at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Det er ønskeleg med ein heilskapleg forvaltningsstruktur som legg til rette for utvikling og vekst i alle delar av landet ut frå regionale moglegheiter og fortrinn. Det er også ei målsetjing med betre samordning mellom sektorar og meir heilskapelege prioriteringar. Regjeringa legg særleg vekt på rolla som samfunnsutviklar. Regioninndelinga bør femne om større funksjonelle regionar, som betre svarar til utfordringane i samfunnet, eit regionalt folkevalt nivå skal medverke til å løyse.



Fylkeskommunane vart 02.07.2015 av kommunal- og moderniseringsministeren inviterte til å ta ein «nabopratt», slik at dei kan fatte vedtak om strukturendringar på regionalt nivå hausten 2016. Regjeringa planlegg å fremje forslag til Stortinget om ny kommunestruktur og ny regionstruktur våren 2017. Samanslåingane Stortinget vedtek, vil som hovudregel gjelde frå 1. januar 2020.

I Sogn og Fjordane er det teke initiativ til ein nabopratt med fylka på vestlandet, og det er sett i gang eit utgreiingsarbeid som grunnlag for den politiske handsaminga i løpet av 2016.

Korleis har arbeidet med RPS vore kopla til regionreforma?

Regionreforma har ikkje vore eit eige tema i arbeidet med planstrategien. Planstrategien gjeld for perioden fram til 2020, og vil difor i stor grad vere inne i ein avslutningsfase ved oppretting av nye regionar. Samtidig har vi i samband med utfordringsbilete og framlegg til einskildplanar, hatt fokus på det departementet har ynskt; å sjå på dei viktige utfordringane for samfunnsutviklinga i eit regionalt perspektiv. Vi har og vurdert i kva grad utfordringane gjev behov for regionforstørring, naturlege næringsnettverk, felles bu- og arbeidsmarknadar på tvers av fylka. Det er særleg i Nordfjord dette har vore problematisert. I kunnskapsgrunnlaget til planstrategien er det difor tatt med merknadar og vurderingar knytt til dette, som vert med i arbeidet med einskildstrategiar og einskildplanar, utan at dette konkret har resultert i framlegg til endra sett av planar i perioden.

For å vere i ein posisjon for eit mogleg samarbeid/del av ein større region frå 2020 har vi og sett på kva for planverk og strategiar nabofylka sør og nord for oss har. Ut frå dette

har vi gjort ei vurdering av om dette bør få konsekvensar for kva for planar og strategiar vårt fylke bør etablere i denne planstrategien. Ein strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur og ein regional plan for kultur, tek opp i seg denne utfordringa.

Planstrategien har ut over dette ikkje i seg eigne strategiar for korleis dei ulike aktørane skal eller bør agere som aktørar i høve regionreforma eller andre større reformer.

- 1 Folkemengde 1. januar 2015, etter kjønn, alder, statistikkvariabel, region og tid.
- 2 Ein terskelverdi er eit omgrep som gjerne blir brukt knytt til ein betingelse. Generelt er det slik at dersom ein terskelverdi overstiges, kan ein eller flere betingelsar bli innfridd.
- 3 BAS-region=Bu, arbeids og servise region.
- 4 Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi).
- 5 [IPCC 2014](#)

7. Vedlegg

- Evaluering av gjeldande planar og strategiar
- Kunnskapsgrunnlag og utfordringar m/lenke til helseovervakinga
- Nasjonale forventningar – korleis svarar fylket på forventningane?

Ikkje trykte vedlegg

- Oppsummering av dialogmøter med regional stat og regionale aktørar, med engasjert ungdom og med lag og organisasjonar



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Grafisk formgjeving: Formgiveriet Ann Lisbeth Lesto

Alle foto er henta frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sin bildebase (Flickr).

Framsida: Jenny Ann Aasen Magnusson,

s.5: Karriere Sogn og Fjordane / Birthe Johanne Finstad,

s.7: Karriere Sogn og Fjordane / Rolf M. Sørensen,

s.9: Thor-Aage Lillestøl / Daniel Gåsemyr Fluge,

s.11: Rolf M. Sørensen / Birthe Johanne Finstad,

s.13 Matias Helgheim / Unni Skåre / Sogn og Fjordane fylkeskommune